

Interpellasjonar og spørsmål til fylkestinget, 21.- 22.juni 2022

Frist for å sende inn interpellasjon: Onsdag 15.juni, kl 0900

Frist for å sende inn spørsmål: Måndag 20.juni, kl 0900

Oversikt over mottekne interpellasjonar og spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Karianne Torvanger (A)	Nasjonalt senter for yrkesfag til Vestland
2.	Åsmund Berthelsen (SV)	Bruken og forvatninga av havet og fjordane
3.	Terje Kollbotn (R)	Alarmerande om oppdrettsnæringa i Vest
Nr.	Avsendar spørsmål	Tema
1.	Knut Inge Andersen (FP FNB)	Bybanen over Bryggen i Bergen
2.	Jeanette Syversen (R)	Tannhelse
3.	Jeanette Syversen (R)	Oppfølging av vedtak om papirlause menneske
4.	Jeanette Syversen (R)	Utnytting av handlingsrom ved anbod

MOTTEKNE INTERPELLASJONAR

1. Karianne Torvanger (A); om nasjonalt senter for yrkesfag til Vestland

Nasjonalt senter for yrkesfag til Vestland

Regjeringa har i Hurdalsplattforma sagt at dei vil etablere eit nasjonalt senter for yrkesfag. Formålet med senteret skal være å styrke arbeidet med kvalitet og utvikling i fag og yrkesopplæringa, samt oppnå målsetjinga om at fleire ungdommar og vaksne vel og fullfører yrkesopplæring slik at arbeids og næringslivet sitt behov for arbeidskraft vert dekkja. Det er behov for ein organisasjon som kan bidra til å utvikle ei langsiktig og målretta fag- og yrkesopplæring av høg kvalitet og vere eit kontaktpunkt for regionale, nasjonale og internasjonale aktørar innanfor fag- og yrkesopplæring.

Vestland Ap meiner dette senteret burde ligge i yrkesfagfylket Vestland.

Vestland eit av dei største lærlingfylka i landet, og er i front når det kjem til antal elevar som vel yrkesfag, gjennomføring og resultat. Vestland fylkeskommune har ein godt utarbeidd formidlingsstruktur. Her inngår mellom anna læreplassreknskapet som verktøy skulane skal nytte til å førebu og formidle elevane til arbeidslivet. Det systematiske og langsiktige arbeidet Vestland har gjort knytt til fag og yrkesopplæring gjer Vestland til ein god kandidat for plassering av nasjonalt senter for yrkesfag.

Spørsmål:

Vil fylkesordførar arbeide for at det nasjonale senteret for yrkesfag vert lagt til Vestland?

Framlegg til vedtak:

1. Vestland Fylkesting ønskjer at nasjonalt senter for yrkesfag vert lagt til Vestland og ber fylkesordførar arbeide for dette.
2. Fylkestinget ber om at administrasjonen ilag med OPPKO og ynemda synleggjer korleis Vestland kan bidra med innhald til nasjonalt senter for yrkesfag.

Svar frå fylkesordføraren

I februar 2022 stilte Sigbjørn Framnes (FRP) skriftleg spørsmål i Stortinget til kunnskapsminister Tonje Brenna om statsråden vil legge til rette for opprettinga av eit slikt nasjonalt senter for yrkesfag.

Kunnskapsministeren, Tonje Brenna, svarte følgjande: «I Hurdalsplattformen har vi sagt at Regjeringen vil etablere et nasjonalt senter for yrkesfag. Kunnskapsdepartementet jobber nå med hvordan vi skal realisere dette. Så jeg deler representantens ønske om å opprette et nasjonalt senter for yrkesfag, men jeg er opptatt av å legge innhold i hva et nasjonalt senter for yrkesfag skal være. Det er for tidlig å si noe om hva et yrkesfagsenter skal være og hvor det skal ligge. Regjeringen vil ha en god prosess på hvor eventuelt senteret skal lokaliseres.»

Fylkesordføraren ser at mellom anna Rogaland fylkeskommune og Larvik kommune har meldt interesse for å etablere eit slikt nasjonalt senter. Fylkesordføraren er også kjend med at det i 2018 blei oppretta eit nasjonalt senter for yrkesfag på Oslo Met, og at Universitetet i Agder etablerte eit senter for yrkesfag og opplæring i arbeidslivet i 2019.

Yrkesfaga står sterkt i Vestland fylke og er eit av dei fylka med flest lærlingar i landet. Partane i arbeidslivet og fylkeskommunen samarbeider godt for å møte kompetansebehovet i arbeidslivet, og det vert arbeidd systematisk med å auke og utvikle kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa. Vestland kan vise til at delen som søker seg til yrkesfaglege utdanningsprogram aukar, fleire får lære plass og fleire fullfører med fag-/ sveinebrev. Det er utvikla gode verktøy for å styrke strukturane og overgangane i opplæringsløpet, m.a lære plassrekneskapen. Dette er eit godt utgangspunkt for eit nasjonalt senter for yrkesfag i Vestland.

Fylkesordføraren ber fylkestinget ta stilling til om det er ønskeleg at det vert arbeidd med å få etablert eit nasjonalt senter for yrkesfag i Vestland fylkeskommune.

2. Åsmund Berthelsen (SV); om bruken og forvatninga av havet og fjordane

Om bruken og forvaltninga av havet og fjordane

Livet starta i havet. Og havet er framleis grunnlaget for livet på jorda. For Vestland er tilstanden i havet og i fjordane avgjerande. Men det har skjedd store endringar dei siste tiåra, i havet og i fjordane. Livsgrunnlaget er i ubalanse. Endringane skjer på grunn av menneskeleg aktivitet. Nedgang i fiske- og sjøfuglbestandar er symptom på at noko er gale med dei marine økosystema. I delar av verda held marine økosystem på å kollapse. Endringane i havet er større enn tidlegare rapportert i følgje 6.hovudrapport frå klimapanelet til FN.

Auka CO₂-utslepp gjer havet varmare, surare og meir oksygenfattig. Dette trugar økosystema, og med det kjelda til mat. Det same gjer overfiske, forsøpling, ureining, mellom anna frå industri, plast, kloakk, overgjødsling og gruveslam. Ein tredjedel av alle fiskebestandar er overfiska og sjøfuglbestanden er i sterk nedgang. Den biologisk verdfulle iskantsona er opna for olje- og gassverksemd, og i motsetning til nesten alle land i verda tilet norske styresmakter dumping av gruveavfall i norske fjordar (Repparfjorden og Førdefjorden). Aukande havvindutbygging i landa rundt oss, verkar også inn. Det er omfattande planar for å bruke havet meir til næring og energiforsyning med havvind. Vidare er det planar om store bruprojekt over fleire fjordar. Alle aktivitetane og utbyggingane vil påverke økosystema i havet og fjordane. Men det er stor uvisse knytt til konsekvensane for livet i sjøen både av eksisterande og nye aktivitetar. Det er vedteke forvaltningsplanar og vernesonar, og det vert arbeidd med å opprette marine verneområde i fjordane. Men er dette sterke nok avgrensingar for å hindre øydeleggande aktivitetar og tiltak.

Vestland har mellom anna to konkrete utfordringar med bruken av havet med fjordane, oppdrett og deponering av gruveslam. I Vestland er kystområde og fjordane i raud sone i trafikklyssystemet for oppdrettsnæringa. Det betyr næringa ikkje er berekraftig og at produksjonskapasiteten må ned til førekomsten av lakselus på villaks er kraftig redusert. I Førdefjorden ved Engebø i Sunnfjord er det gjeve driftskonsesjon til å dumpe 250 millionar tonn gruveslam på fjordbotn.

Havforskningsinstituttet (oktober 2019) og Miljødirektoratet (november 2014) har på fagleg grunnlag frårådd konsesjon fordi økosystemet vil bli skada og det biologisk mangfaldet redusert.

Eg meiner Vestland fylkeskommune må engasjere seg meir i arbeidet med bruken og forvaltninga av havet, kysten og fjordane. Difor vil eg stille nokre spørsmål til fylkesordføraren:

1. Korleis engasjerer fylkeskommunen seg i arbeidet med å sikre økosystema i havet, i kystområda og i fjordane?

2. Kva tiltak meiner fylkesordføraren er dei viktigaste for å sikre at FN sitt berekraftsmål nr 14 Livet i havet vert nådd, om å «bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling» Og vidare å sikre det §112 i grunnlova seier: «Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter.»
3. Korleis vil fylkeskommunen engasjere seg i arbeidet med å få selskapet Nordic Mining til å oppfylle tilleggskrava om reduserte avfallsmengder og bruk av best tilgjengeleg teknologi i mineralutvinningsprosjektet på Engebø i Sunnfjord?
4. Korleis vil fylkeskommunen engasjere seg for å få oppdrettsnæringa i Vestland over i gul og grøn sone i trafikklyssystemet?

Svar frå fylkesordføraren

Svar på spørsmål 1:

Det er fleire aktivitetar som er relevant å nemne, og som døme dreg vi her fram innspel til kommunane sine planar. Desse er førande for arealdisponering og kva aktivitet som det vert lagt til rette for. Fylkeskommunen legg mykje god innsats i dialogen med kommunane og innspel til kommunale planar. Vi møter også kommunane i planforum – der konkrete planar vert drøfta, og i samlingar for kommunane der problemstillingar innan planarbeid står på dagsorden.

Vi vil trekkje fram vedtekne regionale planar for kystforvaltning som er vedtatt vidareført i Vestland. Regional strategisk plan for kysten(Sogn og Fjordane) 2018- 2029 og Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Den strategiske planen har som målsetjing Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger har som hovudmål at Kystsona skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Fylkeskommunen har også ein stor innsats innan vassforvaltning, der den regionale vassforvaltningsplanen er førande for arbeidet. I samband med iverksetjing av vassforvaltningsplanen arbeider fylkeskommunen tett saman med både kommunane og statlege etatar. Her er det eit mål at alle sjøområde skal ha god økologisk og kjemisk tilstand. For å styrke grunnlaget for planlegging har vi også ein innsats innan marine grunnkart, der ein er i ferd med å fullføre dette arbeidet i tidlegare Sogn og Fjordane – og vi bur oss på eit arbeid i resten av fylket.

Fylkeskommunen har elles ei stødige akvakulturforvaltning, der ein leiar eit omfemnande arbeid som fører fram til tildeling av lokalitetar, dvs dei stadane eit oppdrettsselskap kan halde til med oppdrettsverksemda si. Det er ikkje fylkeskommunen som bestemmer kor mykje fisk som skal vere i oppdrettsanlegga i sjøen i Vestland. Fylkeskommunen si oppgåve er å vere med å gje klarsignal for dei områda som er best eigna til å drive den oppdrettsverksemda som det er gjeve løyve til frå statleg hald. Eller i motsett fall: vere med å gje avslag på søknad om ein lokalitet fordi den ikkje er godt nok eigna.

Vi har elles ein innsats kring plast i vassdrag og hav. I plaststrategien for Vestland er visjonen: Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav. I fleire år har fylkeskommunen sine politikarar løyvd midlar til plastrydding, førebygging av unødig bruk av plast og spreining av plast.

Vi har saman med Bergen kommune og Universitetet i Bergen teke initiativ til prosjektet Havbyen Bergen, som samlar mange aktørar under fellesnemnaren berekraftig verdiskaping med utgangspunkt i dei ressursane som havet kan gje oss.

Svar på spørsmål 2:

Vi har ovanfor nemnt ein del av fylkeskommunen sin innsats som kan vere relevant i denne samanhengen. Fylkeskommunen er elles i gong med å utforme ein regional plan for klima for 2022-2035. I det daglege arbeid strekkjer vi oss etter målsetnadane i utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Denne planen byggjer på berekraftmåla til FN, og skal bidra til at alle samfunnsaktørar dreg i same gode retning.

Dei viktigaste tiltaka er reguleringar og system for å sikre god forvaltning av havområda og fjordane. Revidering av heilskapelege forvaltningsplanar for havområda, og oppdaterte kommunale arealplanar i fjordane og kystnære havområde er viktig. Halde fram å investere i forskning og kartlegging av sjøområda. Overvaking av situasjonen rundt havforsuring er særskilt viktig tiltak. Dei gode varige løysingane er som regel eit resultat av kunnskap, samarbeid og at arbeidet er målretta organisert.

Svar på spørsmål 3:

Nordic Rutile AS er i den endelege driftskonsesjonen (06.05.2022) pålagt å utarbeide ein avfallshandteringsplan, for minimering, behandling, gjenvinning og disponering av mineralavfall ut frå prinsippet om berekraftig utvikling. Planen skal innehalde forslag til tiltak for å minimere miljøpåverknaden, herunder tiltak for å førebyggje forringing av vasskvaliteten, og skildre alternative bruk av massar. Det skal løpande vurderast moglegeheiter for alternativ bruk av mineralavfall.

Kravet om ein slik avfallshandteringsplan bør vere eit godt utgangspunkt for samarbeid med fylkeskommunen, kommunane og andre, for saman søkje å finne gode miljøløysingar. I regi av kommunane og fylkeskommunen vert det i år arbeidd med å få på plass meir koordinert samarbeid gjennom etablering av eit regionalt mineralforum eller mineralråd, og kanskje ein mineralinkubator i Sunnfjord (innanfor SIVA sitt inkubatorprogram).

Svar på spørsmål 4:

Fylkeskommunen er i ferd med å forme ein forsterka marin innsats i form av eit program for berekraftig sjømat. Det vert gjennomført samråding med mange aktørar, både for å få god oversikt – og med tanke på å få alle gode krefter med på ein sams innsats for berekraftig sjømat. Dette samstundes som ein omformar innsatsen, til eit nivå som er tilpassa den finansieringa som ein har pr no. Så får ein skalere opp innsatsen etter kvart som finansieringa vert styrka. Blant sentrale problemstillingar kan nemnast: arbeidet kring arealvurderingar, marine grunnkart, lus, rømming, slam, dødelegheit i merdane, berekraftig fôr, rekruttering, kompetanse og gode verktøy til å gjere gode arealvurderingar ute i kommunane.

Vi arbeider elles med å samle dei ulike miljøa, og har i det siste gjennomført havbrukssamlingar på Stord og i Florø. Til hausten gjennomfører vi vårt miljøseminar der vi også samlar både oppdrettsnæringa, statlege etatar og kommunane. Vi har også engasjert oss i arbeid der ein ser heile fjordsystem i samanheng, på tvers av kommunar.

Fylkeskommunen nyttar også høvet til å påverke sentrale styresmakter gjennom høyringsinnspel. Vi er inne i fleire prosjekt der vi støttar aktørar som arbeider med utfordringane innan havbruk.

Avsluttande merknader

Fylkeskommunen har ei rekkje aktivitetar som er verdt å nemne i samband med bruk og forvaltning av fjordar og hav, og ein del av desse er nemnt i dette notatet. Det er ofte kompliserte samanhengar, og det kan tenkast at vi kan vere med å gjennomføre nye kartleggingar som gjev ny innsikt i desse problemstillingane. Dette kan i så fall påverke innretninga på fylkeskommunen sin innsats framover. Vi kunne gjerne kome inn på fleire problemstillingar i dette notatet, men på kort varsel er det dette vi har funne det nærliggande å nemne i notatet.

3. Terje Kollbotn (R); alarmerande om oppdrettsnæringa i Vest

Alarmerande om oppdrettsnæringa i vest

I eit oppslag i NRK Vestland 7. juni vart det satt fokus på at oppdrettsnæringa på store deler av Vestlandet er faretruande for økologien i sjøen og villaksen. To område, frå Karmøy til Sotra (PO 3) og frå Nordhordland til Stadt (PO4) har fått raudt blinklys av sentrale styresmakter - ved fiskeri- og havministeren. Produksjonskapasiteten må bli redusert med 6 % i desse to produksjonsområda, der m.a. påverknaden av lakselus ikkje er akseptabel. Det er behov for å ta eit kraftfullt fylkespolitiske grep for ein ny, heilskapeleg og meir framtidsretta oppdrettspolitikk i Vestland fylke, slik at vi kan bli best, ikkje verst i nasjonal samanheng. Vi må straffe verstingane og premiere dei som satsar på lukka anlegg!

Oppdrettsnæringa er både ei stor eksportnæring og har store miljøutfordringar langs kysten og i fjordane. Fiskerinæringa og havbruk kan gje grunnlag for både bærekraftige arbeidsplassar, matproduksjon og busetnad i distrikta. Men forvaltninga av sjøen og havet, der det er eit sårbart økosystem, må etter Raudt sitt syn byggje på føre-var prinsippet og FN sine berekraftmål, som seier at vi skal «bevare og bruke havet og de marine ressursene på en måte som fremmer berekraftig utvikling». Dette må no bli omsatt i konkrete planar og handling!

Raudt vil difor utfordre fylkesordføraren til å svare på fylgande spørsmål:

1. Kva er fylkesordføraren sin kommentar til kartleggjinga og vedtaket i departementet ved statsråden, der to oppdrettsonar her vest får raude farelys og straffetiltak i form av produksjonsreduksjon?
2. Vil fylkesordføraren ta initiativ til eit felles løft for å sikre at heile oppdrettsnæringa i vårt fylke kan bli best nasjonalt og internasjonalt?

3. Om svaret er ja, kva meiner fylkesordføraren bør gjerast konkret både administrativt og politisk for å sikre eit slikt mål?

Framlegg til vedtak:

1. Vestland fylkesting er sterkt bekymra for dei negative sidene av som er avdekkja innan oppdrettsnæringa på deler av Vestlandet, ikkje minst innan Vestland fylke.
2. Vestland fylkesting vil be administrasjonen ta initiativ til å utarbeide eit forslag til ein heilskapeleg oppdrettsplan for Vestland fylke, basert på framtidsretta og bærekraftige prinsipp for oppdrettsnæringa, i tråd med FN sine berekraftsmål paragraf 14. Denne planen skal utarbeidast i samarbeid med kommunane, fagekspertisen, næringa, miljøorganisasjonane og sentrale styresmakter. Ein slik plan skal ut på ein open og brei høyring for endeleg vedtak i fylkestinget 1.halvår 2023.

Svar frå fylkesordføraren

Svar på spørsmål 1.

Trafikklyssystemet skal sørge for forutsigbar og berekraftig vekst i havbruksnæringa. Fargen vert sett ut frå korleis lakselusa påverkar villaksen i området, og avgjer om oppdrettarane i området får lov til å vekse, eller om dei får sin produksjonskapasitet redusert. Den 07.06.2022 kunngjorde Nærings- og fiskeridepartementet kva produksjonsområde for oppdrett som vert raude, gule og grøne. Kysten er delt inn i 13 område. Justeringa skjer annakvart år. Fargelegginga i 2022 gjer at oppdrettarane i Vestland må redusere produksjonskapasiteten med 6 prosent. Utifrå kjente faglege råd som departementet har motteke frå ei ekspertgruppe var det ikkje overraskande at produksjonsområda i Vestland fekk raud farge. Samstundes er det slik at produksjonsområda strekker seg over store geografisk område der det innanfor område er ulik påverknad på villaks frå lakselus frå oppdrettsanlegg. Slik trafikklyssystemet er innretta medfører dette at alle oppdrettsanlegga innanfor eit produksjonsområde med raudfarge må ta ned produksjonen med 6 prosent uavhengig av kor mykje dei påfører av lakselus til villaks.

Svar på spørsmål 2 og 3.

Fylkeskommunen er i ferd med å forme ein forsterka marin innsats i form av eit program for berekraftig sjømat. Det vert gjennomført samråding med mange aktørar, både for å få god oversikt – og med tanke på å få alle gode krefter med på ein sams innsats for berekraftig sjømat. Moglege område for den marine satsinga som administrasjonen arbeider med er :

- Samarbeid med kommunane eller grupper av kommunar om forvaltingsplanar for akvakultur. Det kan nyttast dei moglegheitene som ligg i Plan- og bygningslov til plansamarbeid mellom grupper av kommunar. Døme er lokal utvikling av planar, utvikling av avgjerdsstøttesystem, etablering av kartinformasjon, tiltak og evaluering knytt til laksefjordar.
- Samarbeid med næringa for å stimulere til kunnskapsutvikling som sikrar høgare presisjon for lokalisering av akvakulturverksemda. Dette skal bidra til å redusere problem knytt til sjukdom i laksenæringa. Slike studiar bør nyttast til å utvikle lokale tilpassingar knytt til dei særskilte regionale utfordringane som finst i Vestland.
- Betring av forvaltninga av sjømatnæringa gjennom utvida samarbeid med regional stat/Statsforvaltar innan for heile sjømatsektoren. Innafor akvakulturforvaltninga har fylkeskommunen eit forskriftsfesta samordnings- og koordineringsansvar som fungerer godt, og denne kan utvidast.
- Tiltak for å styrkje utdanningstilbodet og til rekruttering til marin sektor. Næringa har i dag utfordringar knytt til å rekruttere tilstrekkeleg med kvalifisert personell.
- Støtte til utviklingsprosjekt for å styrke berekraft og for å sikre næringa variasjon og fleire «bein å stå på» i framtida. Døme er produksjonsvekst innan fleire artar og bidrag til å løyse miljøutfordringar.
- Utvikle ein best mogleg regional forvaltning av akvakulturnæringa, samt samarbeid med næringa. Brei og godt forankra medverking i alle fasar av planarbeid og sikring av gode prosessar. Bruk av best mogleg avgjerdsstøttesystem
- Teknologitvutvikling, sikre utvikling av teknologi som møter utfordringane med utslepp, lus og rømming, miljøutfordringar i fiskeria. Dette krev forskning, testing og utvikling/prosjektering.

Fylkeskommunen er oppteken av rammevilkåra for aktørane i næringa, og at akvakulturregelverket bør endrast og utviklast på ein måte som mellom anna er tilpassa miljø og teknologiutfordringane som er til stades i Vestland. Fylkeskommunen nyttar også høvet til å påverke sentrale styresmakter gjennom høyringsinnspel. Vi er inne i fleire prosjekt der vi støttar aktørar som arbeider med utfordringane innan havbruk.

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. Knut Inge Andersen (FP FNB); om bybanen over Bryggen i Bergen

- a) Det er for kort tid sidan lagt fram ein rapport som tek utgangspunkt i historiske arkivopplysningar og koplar desse mot utvidinga av Bryggen tidleg på 1900-talet. Rapporten stiller spørsmål ved omfang av mudring og kvalitet på massane som finst i området under den kommande bybanetraseen.
- b) Bystyret har i sitt endelege vedtak, og etter fylkestinget si handsaming, bestemt at bybanen skal drivast med batteri over Bryggen.

Spørsmål til fylkesordførar:

1. Er det opplysningar i den omtalte rapporten som gir grunn til uro med tanke på kompleksitet og risiko for den planlagte bygginga?
2. Kva er førebels utrekna tilleggsinvesteringar, alt inkludert, for å ha batteridrift over Bryggen?
3. Blir det batteridrift uansett eller vil Vestland fylke starte dialog med Bergen kommune for å omgjere dette vilkåret i trasevedtaket?

Svar frå fylkesordføraren

1. Er det opplysningar i den omtalte rapporten som gir grunn til uro med tanke på kompleksitet og risiko for den planlagte bygginga?

Det er Bergen kommune som er ansvarleg for reguleringsplanen og vurderingane av grunnforholda. Kommunen sine konsulentar har vurdert grunnforholda, og er trygg på at bybanesporet kan bli lagt i dagens veg langs Bryggen. For å fundamentere for Bybanen meiner konsulent det er tilstrekkeleg å grave cirka ein meter djupt, og ein vil i så fall ikkje vere i berøring med kulturlaga.

VLFK er samarbeidspartnar og bidreg med støtte i planarbeidet, og skal gi fråsegn når planen vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn til hausten. Som samordnande kulturminnemynde vil VLFK gje samla fråsegn frå kulturminnemyndene, inkludert Riksantikvaren, når reguleringsplanane kjem på offentleg ettersyn.

2. Kva er førebels utrekna tilleggsinvesteringar, alt inkludert, for å ha batteridrift over Bryggen?

Det er fullt mogleg å drifte ei dagløysing for Bybanen over Bryggen utan kontaktleidningslegg frå dag ein, men ein må gjennomføre meir detaljert tekniske, operative og finansielle analyser og vurderingar for å kunne tilrå ei endeleg løysing. Det er ti år til vi kan opne Bybanen til Åsane, og tekniske løysingar for vognmateriellet kan endre seg.

Ved opning av Bybane til Åsane er det behov for å skaffe 16 nye vogner. Dersom det vert lagt til grunn ein anskaffingsverdi på NOK 40 millionar per vogn, inneber dette ei investering på NOK 640 millionar. Dersom det skal være batteridrift på deler av strekninga vil investeringskostnadene auke. Bybanen As har vurdert tre ulike driftsscenario som er svært ulike finansielt, og som også inneber ulik grad av usikkerheit. Dei ulike alternativa har estimerte kostandar på NOK 1800 millionar, NOK 960 millionar og NOK 680-810 millionar. Dei to dyraste scenarioa er vurdert å innebere liten usikkerheit, og er slik sett fullt mogelege å gjennomføre. Det er knytt større usikkerheit til om det siste scenarioet er mogeleg å gjennomføre. Ytterlegare tekniske, operative og finansielle vurderingar må bli gjennomført før det kan bli tilrådd eit alternativ. Ingen av alternativa har inkludert behov for nyinvesteringar i driftskøyretøy.

3. Blir det batteridrift uansett eller vil Vestland fylke starte dialog med Bergen kommune for å omgjere dette vilkåret i trasevedtaket?

Fylkeskommunen vil gi innspel når planen vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn til hausten. Innspelet skal politisk handsamast. VLFK vedtok hausten 2021 at «Fylkesutvalet ber om at tilrådingane i KUVA vert følgd opp for å ivareta verdsarvstaden Bryggen. Dette skal kvalitetssikrast gjennom vidare KUVA-prosess og dialog med

kulturminnemynde». Å unngå KL-anlegg framfor Bryggen vert vurdert som ei naturleg oppfølging av KUVA-rapportane. Vi må uansett forhalde oss til reguleringsplanen som vert vedteken.

2. Jeanette Syversen (R); om tannhelse

I april 2021 vart det lagt fram ein rapport frå forvaltningsrevisjon av tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune. Basert på det som kom fram av undersøkinga tilrådde revisjonen 14 ulike punkt for å styrke tannhelsetenesta.

Fylkeskommunen har etter tannhelsetenestelova eit ansvar for å førebygge, avdekke og avverge vald og overgrep, og skal legge til rette for at den offentlege tannhelsetenesta blir i stand til å gjere dette. Revisjonen viste mellom anna at det er behov for ytterlegare kompetanseheving og rettleiing for å sikre at tilsette kan førebygge, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt. Det vart ikkje alltid meldt frå til barnevernet ved bekymring eller mistanke om at barn og unge har blitt utsett for vald, omsorgssvikt og overgrep. Tal meldingar til barnevernet gjekk ned i 2020. Revisjonen peika også på at samarbeidsavtalene med barnevernet ikkje var revidert etter samanslåinga til Vestland fylke.

1. Kva er status på arbeidet med kompetanseheving for tilsette i høve meldingar til barneverntenestene?
2. Kva er status på revisjon av samarbeidsavtalene med barneverntenestene?

Svar frå fylkesordføraren

Som oppfølging etter forvaltningsrevisjon av tannhelsetenesta i 2021, så har tannhelsetenesta sett opp ein prioritert handlingsplan for dei fjorten punkta som blei påpeikt ved revisjonen. Svaret frå fylkesordføraren på dei to spørsmåla frå representanten Jeanette Syversen (R) går fram av tabellen under;

Status for prioritert handlingsplan

1) Inngå samarbeidsavtalar med alle kommunar i fylket, og etablere system som sikrar ei god og tilstrekkeleg rapportering på inngåtte avtalar.

Prioritering	Tiltak	Tiltak forventa fullført	Ansvarleg	Status
6	Tannhelsetenesta (THT) har allereie samarbeidsavtalar med alle kommunane i fylket på tenestenivå og det er etablert eit system som skal sikre god og tilstrekkeleg rapportering på inngåtte avtalar. <ul style="list-style-type: none"> - Tertialrapportering driftsresultat og folkehelseparameter - Årsrapport THT har som mål om å også få på plass overordna samarbeidsavtalar med kommunedirektørar i inneverande år.	Start haust 2020. Revidert mål er å vere ferdig innan 1.12.2022.	Leiargruppa med støtte frå fagavdeling (JHG og SEV).	Pågår.

2a) Revidere samarbeidsavtalane med barnevern.

Prioritering	Tiltak	Tiltak forventa fullført	Ansvarleg	Status
3	<u>Barnevern</u> Tannhelsetenesta har ei eiga ressursgruppe for barnevern med fire tilsette med særskild kompetanse om feltet.	<u>Barnevern</u> Samarbeidsavtale med barnevern var under revisjon våren 2021 og revidert	Stab (JHG og SEV).	Ferdig.

	Ressursgruppa har saman med faggruppa i staben til fylkestannlegen delteke i revisjon av samarbeidsavtalen. Bergen kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune og Statsforvaltaren er med som ekstern støtte og samarbeidspart i revisjonsarbeidet.	avtale blei tatt i bruk 1.10.2021.		
--	--	------------------------------------	--	--

11) Sikre at tilsette i tannhelsetenesta kan førebyggje, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt, mellom anna ved å sørge for at:

- a. det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet
- b. tilsette har tilstrekkeleg kompetanse
- c. tilsette har tilgang på ressurspersonar som kan kontaktast for råd og rettleiing
- d. tilsette er kjent med at helsepersonell har ei sjølvstendig meldeplikt til barnevernet og kva meldeplikta inneberer

Prioritering	Tiltak	Tiltak forventa fullført	Ansvarleg	Status
1	Revisjon av <ul style="list-style-type: none"> - Samarbeidsavtale - Interne rutinar 	1. okt. 2021.	Stab (JHG og SEV) og leiargruppa.	Fullført.
2	Ressursgruppe barnevern	Ressursgruppe barnevern for Vestland THT etablert av leiargruppa 1.5.2021.	Gruppa blir fylgt opp av JHG og SEV i stab.	Fullført.
3	Forskningsprosjekt/Kompetansehevande tiltak - <i>Kunnskapsreisen- alt det jeg er</i>	Satt i gang pilotar juni 2021. Forventa fullført i løpet av 2022.	TkVestland (IB) og leiargruppa.	Pågår.
4	Informasjon på områdeleiarssamling 9.9.2021 om tema barnevern og om revisjonsarbeid og iverksetting av samarbeidsavtale	9.9.2021.	TkVestland (IB) og stab (JHG og SEV).	Fullført.
5	Fagdag haust 2021	24.11.2021.	TkVestland og stab (JHG og SEV).	Fullført.
6	Evaluerer forskningsprosjekt Kunnskapsreisen og evt. vidareføring	2022/2023.	TkVestland (IB) og leiargruppa.	Ikkje sett i gang.
7	Vurdere tiltak basert på statistikk i årsrapport <ol style="list-style-type: none"> a) Antal uttale til barnevern b) Antal varsel c) Antal bekymringsmeldingar 	Årleg ved årsrapportering.	Leiargruppa og stab (JHG og SEV).	Pågår.

3. Jeanette Syversen (R); om oppfølging av vedtak om papirlause menneske

Oppfølging av interpellasjon vedteke i fylkestinget.

Fylkestinget er den plassen opposisjonspartia kan påverke i størst grad, kva «ekstra» utvala og administrasjonen skal prioritere. Det er eit godt døme på god demokratisk skikk, når fleirtalet i fylkestinget etter brei debatt, støttar saker som er dagsaktuelle. Det er også ein motivasjon for opposisjonspolitikarar, å halde fram med politikk, når ein kan få gjennomslag for saker, på tross av at ein ikkje sitt i ein forhandlingsposisjon.

Men effekten ut over eit vedtak, altså det som skjer med eit vedtak etter det er gjort, er vel så viktig. I desember i fjord (2021) vedtok fylkestinget med overveldande fleirtal, 4 punkter under interpellasjonen «ingen menneske er ulovlege». Raudt veit at det er fleire både papirlause og menneske som jobbar for deira situasjon i Vestland, som har venta på at det skulle komme ei sak om dei papirlause sin situasjon til handsaming i Vestland fylkesting før sumaren 2022.

1. Kan fylkesordførar svare på kvifor saka (vedtakspunkta) ikkje er følgt opp i fagutvala og dette fylkestinget ?
2. Kva vil fylkesordførar gjere for at denne saka blir følgt opp?
3. Kan fylkesordførar gjere kjent kva rutinar som blir nytta, for å følgje opp vedtak gjort etter interpellasjon/fråsegn i fylkestinget?

Svar frå fylkesordføraren

Spørsmål 1

Generelt har oppfølging av vedtakspunkt høgste prioritet. Likevel kan det ta noko tid å kome attende til fylkestinget med oppfølging. Dette kan mellom anna avhenge av ressursituasjonen i administrasjonen, prioriteringar og kompleksiteten i saka. Eg ber om forståing for dette.

Spørsmål 2

Saka knytt til interpellasjonen « Ingen mennesker er ulovlege» er meldt til handsaming i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 30. august.

Spørsmål 3

Det er kontinuerleg fokus på vedtaksoppfølging. For vedtak i interpellasjonar/fråsegner retta mot eksterne mottakarar, syter politisk sekretariat for vedtaksoppfølging gjennom utgåande brev til aktuelle mottakarar. For vedtak i interpellasjonar/fråsegner retta mot intern fylkesadministrativ oppfølging, utarbeider politisk sekretariat interne notat om vedtaksoppfølging til den aktuelle fagavdelinga. Fagavdelingane ved avdelingsdirektørane syter for oppfølging av slike vedtak på linje med vedtak i øvrige saker.

4. Jeanette Syversen (R); om utnytting av handlingsrom ved anbod

Vestland fylkeskommune som ein positiv utviklingsaktør

I september 2021 fremma Raudt ein interpellasjon der vi problematiserte utflagging av anbod på bygging av mellom anna skipet «Skulebas». I debatten var det ulike tilnærmingar til årsaka for problematikken, men i stor grad var det brei politisk semje om at det er behov for å nytte «handlingsrommet» i EØS avtalen, når ein lysar ut anbod. Fylkestinget samla seg om formuleringa:

«Vestland fylkeskommune skal være ein positiv utviklingsaktør, og bidra til lokalt og regionalt næringsliv gjennom sine innkjøp. Fylkestinget ber om at administrasjonen nyttar handlingsrommet i innkjøpsreglane for å ivareta dette.»

Nyleg kunne vi lese at utviklinga for bygging av ferjer, som fylkeskommunane i Norge har investert fleire 100 millionar i, viser at 82% av ferjene vart bygga i Noreg i 2015, men at neste år ser talet ut til å bli lik null. Vestland fylkeskommune skal mellom anna, i lag med fleire fylkeskommunar, investere i hurtigbåtar som bidreg til å nå nullutsleppsmåla i framtida.

1. Kan fylkesordførar bekrefte at handlingsrommet blir nytta og fylkestinget sin intensjon om å «lære» av skulebas-saka og hindre utflagginga, blir ivareteke for framtidige innkjøp og anbod innan ferje og hurtigbåt i Vestland fylkeskommune?
2. Kan fylkesordførar gjere greie for kva kriteria som blir vekta ved innkjøp av til dømes hurtigbåtar, som kan sikre at Vestland fylkeskommune er ein positiv utviklingsaktør som bidrar lokalt og regionalt næringsliv?
3. Vil fylkesordførar halde fylkestinget orientert om kva kriteria som blir lagt til grunn for større innkjøp innan samferdsle og kollektivtrafikk, før endeleg anbod blir lyst ut?

Svar frå fylkesordføraren

Spørsmål 1

Vestland fylkeskommune sine moglegheiter til å bidra til lokalt og regionalt næringsliv gjennom sine innkjøp vil kunne variere ut i frå kva anskaffingar det er tale om. Handlingsrommet i EØS-avtalen til å kunne prioritere nasjonale aktørar vert vurdert som ikkje heilt klart definert. Vi kan i denne samanheng nemne at Nærings- og fiskeridepartementet den 17.06.22 kunngjorde anbodskonkurranse for å få det EØS-rettslege handlingsrommet i fartøyanskaffingar utgreidd. Fylkesordføraren vil følgje med på resultatet av denne utgreiinga. Når det gjeld anskaffingar av ferje- og hurtigbåtkontraktar vert utlysing først gjort etter forutgåande politisk handsaming. Neste sak om kjøp av hurtigbåttenester vil vere knytt til Rutepakke 1 – hurtigbåt Bergen-Nordfjord/Sogn. Fylkesordføraren vil syte for at denne viktige problemstillinga vil bli adressert i nemnte sak.

Spørsmål 2

Som over vil moglege tiltak på området handsamast i politisk sak for aktuell hurtigbåtkontrakt.

Spørsmål 3

Fylkesordførar legg til grunn at administrasjonen alltid har politisk prosess opp mot fylkesutvalet i forkant av større innkjøp innan samferdsle og kollektivtrafikk. Som regel er det tale om politisk handsaming i to omgongar; først sak om strategiske rammer for konkurransegrunnlaget og deretter sak om sentrale forhold knytt til konkurransegrunnlag og konkurransen.